

50 gjestebåtar i Uskedalen i natt

24.04.2011



Sandakaaien var fylt av Fanabåtar i natt

Det er i natt 50 gjestebåtar ved dei 3 kaiene i Uskedalen og dermed har påsketrafikken nådd høydepunktet sitt til vanns. Hamnevert Johan Sunde opplyser at båtlaget har 27 båtar inne, noko han er svært godt fornøgd med.



[Brødrene Tronsmoen - rett frå Alvdal til Uskedalen.](#)

Ved Sandakaien ligg 9 båtar frå Fana og Øyro Marina har fullt med 14 båtar.

Båtgjestane har hatt ein triveleg kveld, både i eigen 'regi' og som gjester på Systrene Nilsen, som betyr mykje for total-tilbodet i Uskedalen. Også i kveld har det vorte servert lam der og rundt regna 70 hadde bestilt. Det kom også mange gjestar i tillegg slik at restauranten var fylt før midnatt. Det var sogar tendensar til lang kø utanfor.

Musikken denne kvelden vart besørgra av brødreparet Tronsmoen frå Alvdal, som hadde køyrt i 9 timar frå heimbygda til denne jobben. Dei 21 og 23 år gamle musikarane frå Aukrustbygda spelar mest i Oslo der dei også går på skule. Dei imponerte med eit allsidig repertoar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen